Kongevegbedriftene

EGGUM GARD

Om Eggum gard

Eggum gard er ein gamal tradisjonsrik gard med bygningar frå 1674 og hytter frå 1929.

Her finn du den eldste dokumenterte hytteturismen i Norge (ref. fylkeskonservator Gunhild Syrstad ca. 1995). Eggum bygde hytter mynta på rein turisme alt i mellomkrigstida.

Eggum gard legg vinn på å halde på særpreget ved garden og ynskjer å tilby eit roleg, behageleg og barnevenleg miljø. Her finn du også eit gardsmuseum.

Garden ligg midt mellom fjord og fjell. Og passar godt som utgangspunkt for turar på Kongevegen over Filefjell.

Turvegen Kongevegen går på fylkesvegen rett under garden, medan den originale kongeveglina går tvers gjennom tunet og fjøsen.

Det er fleire fine dagsturar i nærområdet utanom Kongevegen også. På garden kan du koma i kontakt med sau og lam.

Eggum har 5 utleigehytter av høg standard og som er fullt utstyrte.

Her er ein liten leikeplass for dei aller minste, og du kan leige syklar, eller fiske i ei fiskeelv kor du kan prøve lykken etter aure.

Eggum gard ligg cirka 400 meter frå nærbutikk, fotballbane og sandvolleyballbane.

I sentrum finn du også ei ridebane, der du kan bestille ridetimar.

Bu på Eggum gard

Heile året

Alle

Les meir

Marta Jansen

(+47) 97 50 25 24 / (+47) 91 73 57 50

Heimeside

E-post

Kongevegen over Filefjell

info@visitkongevegen.no

Bruk av cookies